

Skulemålstriden i Lærdal kring 1910

Etter lang og omfattande språkdebatt vedtok Stortinget i 1885 å sidestille **riksmål** og **landsmål**, frå 1929 offisielt nemnt som **bokmål** og **nynorsk**. Då følgde mykje strid rundt i landet, og verst var det i Lærdal. Der krangla dei på 1890-talet så busta fauk. I 1908 vedtok skulestyret nynorsk som skulemål i 9 av 11 krinsar og då fekk striden nærast komiske former. Hærførar for bokmålet var distriktslege Møinichen, kalla «bokmålslegen» eller «legen», og for nynorsken Per Øvrevoll, kalla «nynorskbonden» eller «bonden».

Det hende seg i Lærdal nokre år før skulestriden,
riksmålsfolket hadde henta bamsen Bjørnson for si sak.
Og gubben sparte ikkje nett på krutet eller fliden,
nei han buldra fram på høvdingvis med veldig skak og brak.
Folket ville gjerne takke denne bauta av ein mann,
ikkje nett med «Ja, vi elsker», men «Gud signe Noregs land»
og så la dei til ein visestubb om *målet hennar mor*,
då vart brumlebamsen eksplosiv, tok hatten sin, og fór.

I skulestyret lot dei kvar ein krins få velje målet,
men det hjelpte ikkje mykje, det vart illt ved fyrste val;
eit styre delt på midten er langt meir enn ein kan tole
då det synte seg at trekning gav ein **nynorsk** general.
Mannen var kan hende litt for kry og full av overmotel,
for han tumla rett i bakken med ein ille faren fot,
då kom legen til og sendte`n heim og vekevis i seng,
no låg alt til rette for eit kupp med vinst i same sleng.

Men nynorskbonden visste råd og mista ikkje motet
for han hadde tatt med møtebok og nøkkelen i seng,
så legen måtte kjøpe ny og ordne opp i rotet,
og han samla sine vener om ein sigarsbulleteng.
Men då skreik dei opp, dei andre, orda hagla mest som krut,
og ei ku vart nekta sengekos, for **han** var **bokmålsstut**.
Så då ropte dei på embedsmenn og skuledirektør
og alt gamalt der i dalen ville aldri bli som før.

No gjekk det meste heilt i stå og alle råd var dyre,
dermed sette Staten foten ned og kravde ting på plass,
men legen konfiskerte alle brev til skulestyret,
og ein nøkkel låg i løyndom trygt plassert i ein madrass.
Mange flaug og knota til og frå, i skule og privat,
hissig strid og mannejamning, skitne triks og attentat.
Ting tar tid når sår skal lækjast etter nabogrøss og -gru;
siste krinsen fall på plass i falden nitten-førtisju ... !



FREDDIE LANGRIND
- SKALD OG VISEMAKAR -

Godtfolk, merk dykk den moral ... at vil du unngå styr og bal
IKKJE KØDD MED FOLK FRÅ LÆRDAL !